# Seljord kommune

## Møteprotokoll

**Utval:** **Formannskap/økonomiutval**
**Møtestad:** Møterom 2, Kommunehuset
**Møtedato:** 19.06.2014
**Møtetid:** 09:00 – 11:00

**Fylgjande faste medlemmer var til stades**:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Trond Johnsen | Medlem | AP |
| Jon Svartdal | Ordførar | KRF |
| Jorunn Andrea Hegni | Medlem | SP |
| Arvid Martin Vala | Medlem | FRP |
| Jan Thorbjørn Sollid Tveit | Medlem | H |
| Borgny Slettemoen Tøfte | Medlem | V |
| Ingunn Synnøve Haugland | Medlem | H |

**Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

| Navn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|

**Fylgjande varamedlemmer møtte:**

| Navn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|

**Til stades frå administrasjonen**:

| Navn | Stilling |
|---|---|
| Per Dehli | Rådmann |
| Kari Gro Espeland | Kommunalsjef |
| Frid Berge | Plan- og utviklingssjef |

**Protokollunderskrifter**:

Jon Svartdal Trond Johnsen

**Orienteringar:**

- Rådmannen orientera om ei næringsetablering
- Rådmannen orientera om nokre problemstillingar relatera til Seljord vassverk

Møtet blei lukka under desse orienteringane med heimel i offentlegheitslova § 13 j.f. forvaltningslova § 13 nr. 2 om tekniske innretningar eller tilhøve der det av konkurranse messige omsyn vil vera naudsynt å halde opplysningane hemmelege.

Formannskapet vedtok å lukke møte under desse orienteringane. Vedtaket var samrøystes.

**Saksliste**

| Utvals-saksnr | Innhald | Lukka |
|---|---|---|
| | **Referatsaker** | |
| RS 44/14 | Skjenkeløyve for ein enkelt anledning - Fjellbryggeriet | |
| | **Saker til handsaming** | |
| PS 52/14 | Søknad om støtte til kjøp av messevegger - Møtestad Seljord AS | |
| PS 53/14 | Søknad om etableringsstøtte - André Jacob Kristensen | |
| PS 54/14 | Søknad om tilskot til sagbruk og materiallager - Jostein Svartdal | |
| PS 55/14 | Søknad om etableringsstøtte - Tyttebærbua gåve og interiør | |
| PS 56/14 | Søknad om støtte for kjøp av løypemaskin/ skitrekk - Seljord Idrettslag | |
| PS 57/14 | Endring i Skjenkeløyve - Seljord Ferieland | |
| PS 58/14 | Endring i skjenkeløyve for Fjellbryggeriet DA | |
| PS 59/14 | Kommunal lånegaranti - Seljord folkehøgskule | |
| PS 60/14 | Uravstemming ny Hovudavtale 1.1.2014 - 31.12.2015 | |

# Referatsaker

## RS 44/14 Skjenkeløyve for ein enkelt anledning - Fjellbryggeriet

# Saker til handsaming

## PS 52/14 Søknad om støtte til kjøp av messevegger - Møtestad Seljord AS

## Rådmannen si tilråding:

Rådmanne rår Formannskapet om å gjere følgjande vedtak:

Seljord kommune kostar sin del på kr 11.000 eskl mva til innkjøp av messevegger.
Kostnaden dekkjast av Næringsfond/kraftfond.

### Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 19.06.2014

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

### Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 19.06.2014

Seljord kommune kostar sin del på kr 11.000 eskl mva til innkjøp av messevegger.
Kostnaden dekkjast av Næringsfond/kraftfond.

## PS 53/14 Søknad om etableringsstøtte - André Jacob Kristensen

## Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskapet gjere følgjande vedtak;
Seljord kommune løyver kr 17.000,- i etablerer tilskot til Andrè Jacob Kristensen.
Løyvinga er av Næringsfond/ kraftfond.

### Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 19.06.2014

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

### Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 19.06.2014

Seljord kommune løyver kr 17.000,- i etablerer tilskot til Andrè Jacob Kristensen.
Løyvinga er av Næringsfond/ kraftfond.

## PS 54/14 Søknad om tilskot til sagbruk og materiallager - Jostein Svartdal

## Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskapet gjere følgjande vedtak;

Formannskapet løyver kr 50.000 til Jostein Svartdal for å byggje saghus og materiallager i samanheng med etablering av sag som tilleggsnæring på garden. Løyvinga er av Næringsfond.

### Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 10.04.2014

Ordførar Jon Svartdal vart erklæra inhabil i saka.

Framlegg frå varaordførar Jan Torbjørn Sollid Tveit:
Saka sendast til rådmannen for å få meir detaljera saksopplysningar.

Framlegget frå varaordføraren vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 10.04.2014**

Saka sendast til rådmannen for å få meir detaljera saksopplysningar.

**Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 19.06.2014**

Ordføraren reiste spørsmål om si egen habilitet i saka.
Ordføraren vart erklæra inhabil etter eit samrøystes vedtak.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke

**Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 19.06.2014**

Formannskapet løyver kr 50.000 til Jostein Svartdal for å byggje saghus og materiallager i samanheng med etablering av sag som tilleggsnæring på garden. Løyvinga er av Næringsfond.

## PS 55/14 Søknad om etableringsstøtte - Tyttebærbua gåve og interiør

## Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskapet gjere følgjande vedtak:

Seljord kommune gjev kr 30.000 i etableringstilskot for Tyttebærbua.
Løyvinga er av Næringsfond

**Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 19.06.2014**

Rådmanne si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 19.06.2014**

Seljord kommune gjev kr 30.000 i etableringstilskot for Tyttebærbua.
Løyvinga er av Næringsfond

## PS 56/14 Søknad om støtte for kjøp av løypemaskin/ skitrekk - Seljord Idrettslag

## Ordføraren si tilråding:

Ordføraren rår formannskapet gjere følgjande vedtak:

Seljord kommune løyve kr 100.000 til innkjøp av løypemaskin og investering i tautrekk i anlegget for skileik på Raudkleiv skianlegg.
Løyvinga er av næringsfond.

**Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 19.06.2014**

Ordføraren si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 19.06.2014**

Seljord kommune løyve kr 100.000 til innkjøp av løypemaskin og investering i tautrekk i anlegget for skileik på Raudkleiv skianlegg.
Løyvinga er av næringsfond.

## PS 57/14 Endring i Skjenkeløyve - Seljord Ferieland

## Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å fatte fylgjande vedtak:

Seljord kommune legg til grunn ein restriktiv alkoholpolitikk når det gjeld skjenking på campingplassar der det er mange born og unge til stades. Samstundes har kommunen opna opp for skjenkeløyve på campingplassar etter spesiell vurdering av skjenkestaden sin plassering. Kommunen legg til grunn at opphavleg skjenkeløyve ved pub/restaurant på Seljord ferieland er tilstrekkeleg og avslår difor Seljord ferieland AS si søknad om utviding av løyvet til også å gjelde eit avgrensa område inne på campingplassen. Avslaget er heimla i alkohollova § 1-7a.

### Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 19.06.2014

Framlegg frå Jan Torbjørn Sollid Tveit (H):
Seljord kommune avslår utviding av skjenkeløyve og ber om ein ny komplett søknad på ny skjenkestad.

Framlegg frå Jan Torbjørn Sollid Tveit (H): 5
Rådmannen si tilråding: 2

### Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 19.06.2014

Seljord kommune avslår utviding av skjenkeløyve og ber om ein ny komplett søknad på ny skjenkestad.

## PS 58/14 Endring i skjenkeløyve for Fjellbryggeriet DA

## Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å fatte fylgjande vedtak:

Fjellbryggeriet DA får endra sitt skjenkeløyve til også å gjelde eit avgrensa uteareal. Uteareal og bryggjeriet sine lokal utgjer eit skjenkeområde. Skjenketida for uteareal går fram av alkoholpolitiske retningsliner for Seljord kommune. Føresegner gitt i opphavleg skjenkeløyve gjeld.

### Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 19.06.2014

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedtek.

### Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 19.06.2014

Fjellbryggeriet DA får endra sitt skjenkeløyve til også å gjelde eit avgrensa uteareal. Uteareal og bryggjeriet sine lokal utgjer eit skjenkeområde. Skjenketida for uteareal går fram av alkoholpolitiske retningsliner for Seljord kommune. Føresegner gitt i opphavleg skjenkeløyve gjeld.

## PS 59/14 Kommunal lånegaranti - Seljord folkehøgskule

## Rådmannen si tilråding:

Saka leggast fram utan tilråding frå rådmannen.

**Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 19.06.2014**

Framlegg frå Arvid M. Vala (Frp):
Seljord kommune klagar ikkje på fylkesmanne si avgjersle.

Samrøystes vedteke.

**Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 19.06.2014**

Seljord kommune klagar ikkje på fylkesmanne si avgjersle. Vedtaket er fatta på vegne av kommunestyret med heimel i kommunelova § 13 om hastekompetanse.

## PS 60/14 Uravstemming ny Hovudavtale 1.1.2014 - 31.12.2015

## Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å fatte fylgjande vedtak:
Seljord kommune stemmer JA til framforhandla forslag til ny Hovudavtale for perioden 1.1.2014 – 31.12.2015.

**Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 19.06.2014**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 19.06.2014**

Seljord kommune stemmer JA til framforhandla forslag til ny Hovudavtale for perioden 1.1.2014 – 31.12.2015.